

Til hyttefolket i Ål kommune.

Ål kommune har innført allmenn egedomsskatt frå 2017. Informasjon er sendt i posten. Her svarer eg på nokon typiske spørsmål:

**Kvifor innføre egedomsskatt?**

Grunnen til at Ål kommunestyre har vedteke å innføre egedomsskatt for hus og fritidseigedommar, skuldast den endra økonomiske situasjonen for Ål. Det har vore ein stor nedgang i inntekter, m.a. har kraftinntektene i Ål vorte redusert med meir enn 30 mill. dei siste fem åra. Det utgjer mykje på budsjettet til ein kommune i vår storleik. Me har dei siste fem åra jobba mykje med innsparing i kommunal drift. Dette året jobbar me med eit endå større omstillingssarbeid, for å sjå korleis me kan drifte kommunen meir effektivt og økonomisk berekraftig.

**Kva får hyttefolket att for pengane?**

Ål kommune har investert mykje i helseoppsatsing, ved å bygge ut og gjera Hallingdal sjukestugu om til eit nærsjukehus for heile regionen. Sjukestugu sikrar tryggleiken til dei som til ei kvar tid oppheld seg i kommunen. Det er installert ein topp moderne CT-skannar, som raskt klargjer kva behandling pasienten treng vidare. (Ved spørsmål om blodproppl eller blødning i hjernen). Når riktig diagnose blir stilt raskt, reddar det liv. Dialysetenesta gir auka livskvalitet til dei som treng den. Dei fleste hytteeigarar vil frå tid til annan nytte lege, helse og omsorgstenester i Ål. Heimetenestene besøker fritidsbustader for å ivareta dei behova hyttefolk har (medisinlar, stell, annan pleie og omsorg). Elles vil skatten gå til den daglege drifta av kommunen. Både kommunale vegar, økonomisk støtte til stigar og løyper, og tilbodet publikum får ved Ål kulturhus, er tiltak som hytteeigarane også får glede av.

**Vil skatten forsvinne att seinare?**

Ål kommunestyre vedtok å fjerne egedomsskatten tidleg på 2000-talet, fordi ein då såg at inntektene i kommunen var sterkt nok utan. Om me kjem i ein tilsvarende situasjon som den gong, er det aktuelt å gjera det på nytt. Det er ingen politikarar i Ål som gler seg over denne skatten, men me meiner at den er nødvendig, saman med andre innsparingstiltak.

**Til orientering:**

Hytteeigarane i Ål blir i februar kvart år invitert til hyttemøte i kulturhuset. Der tek me opp aktuelle tema. Hytteeigarane kan stille spørsmål og koma med innspel til kommunen og drifta. Dei to siste møta har me hatt egedomsskatt som eitt tema, i tillegg til mange andre saker. Det var om lag 90 menneske som møtte opp sist. Alle er hjarteleg velkomne dit!

Solveig Vestenfor, ordførar i Å